

# Protokoll fra årsmøte i Bergen Hang- og Paraglider klubb

Årsmøtet ble avholdt Idrettens Hus (Brann stadion) 28. Januar 2016.

Frammøte: 21 medlemmer

Styreleiar Nils Kristian Jordheim ynskte velkomen.

## Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Styreleiar fremja forslag om at innkalling og sakliste blei godkjent.

Vedtak: Årsmøtet godkjente innkalling og sakliste.

## Sak 2 Valg av ordstyrar

Styreleiar føreslo Andreas Drangevåg som ordstyrar.

Vedtak: Årsmøtet valgte Andreas Drangevåg som ordstyrar.

## Sak 3 Valg av referent og 2 representantar til å underteikne møteprotokoll

Styreleiar føreslo Joar Vaardal-Lunde og Jasper Westhof til å underteikne protokollen.

Ronny Tømmerbakke føreslo seg sjølv som referent.

Vedtak: Årsmøtet valgte Ronny Tømmerbakke som referent og Joar Vaardal-Lunde og Jasper Westhof til å underteikne protokollen.

## Sak 4 Gjennomgang av årsrapport

Styreleiar gjennomgjekk årsrapport for årsmøtet.

Viktor Nygård bad om meir informasjon angående tandem-saka. Styreleiar informerte at arbeidsgruppe blei oppnemnt av styre samansett av styreleiar, Johannes Helleland, Ronny Myklebust og Erlend Rongen. Pga korte fristar blei møter arrangert kun mellom styreleiar og Erlend Rongen og alle tandempilotar i BHPK informert. Nye møter mellom tandempilotane planlagt etter utsending av nye nasjonale retningslinjer 1. Mars 2016.

Vedtak: Årsmøtet godkjente årsrapport.

## Sak 5 Gjennomgang og godkjenning av rekneskap

Kasserar Hege Vilke Lien har tatt rekneskap for klubben i 2015. Styreleiar og kasserar presenterte rekneskap 2015 for årsmøtet. Klubben hadde i 2015 eit overskot på 55523,-kr mot budsjettet -66750,-kr. Dette hovedsakleg grunna at midlar til utbetring av start på Vemånen ikkje har blitt brukt. Balanse i klubben per 31.12.2015 var 260578,- kr, der 37500,- kr var gåvekort tandemturar.

Kasserar og revisor kommenterte at kurskonto ikkje hadde bilag og at i tilfelle bokettersyn vil ein ikkje kunne dokumentere pengeflyt. Kurskoordinator Andreas Drangevåg repliserte at det ikkje føreligg bilag, men finst kursmelding og kontrakt som kan benyttast som dokumentasjon på pengeflyt. Bjørn Ole Haugsgjerd og Viktor Nygård bad om strengare rutinar og betre instruksar til kursinstruktørane for å unngå dette seinare. Kasserar repliserte utbetalingar heretter skal gå gjennom kasserar og kasserar skal fylgje tett opp mot kursinstruktørar for årets kurs.

Vedtak: Årsmøtet godkjente rekneskapet med kasserar og revisors kommentarar.

## Sak 6 Kontingent for 2017

Styret fremja forslag til at medlemskontingent blei beholden på dagens nivå då klubben har god økonomi.

Viktor Nygård kommenterte at styrets forslag i realiteten ville medføre ei innføring av rabatterte ungdomsmedlemskap då dette ikkje har vore implementert av NLF i Melwin for BHPK. Per dags dato er det kun Senior og Uføremedlemskap som er implementert. Styret var ikkje klar over dette og tar det til etterretning, men føreslår ikkje å endre forslaget.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner styrets forslag til medlemskontingent 2017.

**Sak 7 Budsjett 2016**

Styreleiar gjennomgjekk budsjettforslag 2016. Forslaget innebærer eit negativt resultat på 88868,- kr og forutset 3 fulle kurs i 2016. Tandeminntekter er ikkje tatt med, men styret reknar det vil vere større tandeminntekter for 2016 enn 2015.

Ragna Breines oppmoda medlemmane om å melde inn BHPK som grasrotmottakar for dei som brukar Norsk Tipping.

Kurskoordinator informerar om låg påmelding til årets kurs og reknar ikkje med fulle inntekter for kurs 2016.

Mirek Hoda føreslår at ein ser på billegaste løysing for utbetring av start Vemånen og kun går opp mot rammen på 100000,-kr dersom billegaste løysing ikkje stettar våre behov for utbetring.

Bjørn Ole Haugsgjerd informerar om endring av utdeling av VO-midlar og at ein kanskje kan auke inntektene her. Kasserar skal fylgje opp.

Viktor Nygård, Andreas Drangevåg og Atle Bergesen føreslår ein auke i styrehonorar frå dagens 3000,-. Årsmøtet stemmer mellom to forslag på 6000,- og 10000,-.

Vedtak: Årsmøtet vedtok unisont å auke styrehonorar til 10000,- frå 3000,- og overlate til styrets skjønn å fordele styrehonorar internt. Årsmøtet vedtok resten av budsjett 2016 utan endringar.

**Sak 8 Val av styre 2016**

Jasper Westhof, på vegne av valgkomiteen, kom med fylgjande innstilling:

Nils Kristian Jordheim – Leiar

Anders Haugarvoll – Nestleiar

Hege Vilke Lien – Kasserar

Ronny Tømmerbakke – Styremedlem

Robert Hopland – Styremedlem

Kristin Rønhovde – Styremedlem

Det kom ingen benkeforslag.

Vedtak: Årsmøtet vedtar valgkomiteens innstilling til styre 2016.

**Sak 9 Val av revisor 2016**

Vedtak: Tom Hiis Bergh valgt som revisor 2016.

**Sak 10 Val av valgkomite 2016**

Vedtak: Hans Christian Aasen og Jasper Westhof veljast som valgkomite 2016.

Bergen, 28. Januar 2016

  
Joar Vaardal-Lunde

  
Jasper Westhof